

---

**Fra:** Tord A Lappen Moltumyr  
**Sendt:** 26. juni 2017 13:46  
**Til:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Kopi:** Kari Anne Iversen; Martin W Kulild; Helge Kvam  
**Emne:** Oversending av beredskapsplaner - Deres ref. 2016/6875 732.0  
**Vedlegg:** Beredskaps-perm Meland kommune juni 2017.pdf; Plivo Sagstad skole 2017.pdf; Overordna ROS analyse 2013.pdf; VARSLINGSLISTE Meland pr juni 2017.doc; Smittevernplan Meland 2017.pdf

Viser til skriv frå Fylkesmannen med førespurnad om oversending av beredskapsplanar i Meland kommune.

Med dette oversendast relevante dokument.

- 1) Overordna beredskapsplan; denne er i hovudsak identisk som det Fylkesmannen fekk for nokre månader sidan i samband med tilsyn frå beredskapsavdelinga. Det kan nemnast at psykososial beredskapsplan er under pågåande revisjon, planlagt ferdig på ettersommaren 2017.
- 2) ROS-analyse frå 2014, som tidlegare send. Denne er moden for revisjon.
- 3) Smittevernplan frå 2011. Denne var planlagt revidert i 2017, men dette vert truleg forseinka grunna permisjon hjå kommuneoverlege i 2016/2017. Planen er og tidlegare oversendt Fylkesmannen. Det er imidlertid ikkje gjort endringar i ansvarstilhøve, delegasjon eller oppnemning av smittevernlege sidan kommunestyrevedtak i 2011.
- 4) Varslingsliste KKL pr 15.06.17. Denne vert fortløpande revidert.
- 5) Plivo for Sagstad skule. Alle 5 kommunale grunnskular har tilsvarande plan (dei 4 andre planane ikkje vedlagt).

Det finst og nokre sektorvise planar, t.d. knytta til drift av kommunale anlegg.

Lindås kommune, som vertskommune for interkommunal legevakt, har i nokon grad planar for akuttmedisinske hendingar / masseskadesituasjonar som også vil gjelde for Meland.

Det kan og nemnast at ein i desse dagar startar arbeidet med å etablere felles ROS- og beredskapsplan for Alver kommune, gjeldande frå 01.01.20.

Mvh

Tord Moltumyr

Kommuneoverlege / helsesjef

Spesialist i allmennmedisin

Tlf: 5617 1110 / 5617 1000

E-post: [tord.moltumyr@meland.kommune.no](mailto:tord.moltumyr@meland.kommune.no)

Postadresse: Meland kommune, Postboks 24, 5906 Frekhaug

Web: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) eller [www.frekhauglegesenter.no](http://www.frekhauglegesenter.no)



[Sjå brosjyren vår](#)